

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 22.06.2023

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTET 11.05.2023
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GULEN KOMMUNE. TILTAK FOR Å REKRUTTERE TIL OG BEHALDE ARBEIDSSYRKEN
- GULATINGET 2024. KOMMUNAL STØTTE TIL ARRANGEMENT
- EVALUERING AV LANDBRUKSPLAN FOR GULEN KOMMUNE. INNSPEL OG VIDARE HANDSAMING
- ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL 2023. DRIFT, INVESTERING, FINANS OG GJELDSRAPPORT
- GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS. TILBOD OM Å KJØPE AV AKSJAR
- FELLES SØKNAD FRÅ GULEN OG MASFJORDEN KOMMUNAR. BYGDEVEKSTAVTALE 2023
- TILFLYTTERTILPROSJEKT 2023 - 2025. FELLES PROSJEKT MED MASFJORDEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV MØTEBOK



Stad og tid

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.12:00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Innbyggarservice på kommunehuset, og på nettsida til Gulen kommune: www.gulen.kommune.no Nye saker kan kome til.

Det vert halde orienteringar i starten på møtet.

Møtet er ope for publikum. Møtet kan også følgast digitalt. Følg med på nettsida til Gulen kommune for utlagt link til møtet. Alle er velkomne. Hallvard Oppedal, Ordførar

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

Den 11. september 2023 er det kommunestyre- og fylkestingsval i Noreg.



Tidlegrøysting

I perioden **3. juli til og med 9. august** er det høve til å tidlegrøyste, dersom du ikkje har høve til å gjere det i den ordinære perioden for førehandsrøysting eller på valdagen.

Tidlegrøystinga finn stad ved Innbyggarservice på kommunehuset i Eivindvik, måndag til fredag mellom 09.00 og 15.00.

Ta kontakt på telefon 57 78 20 00 eller på e-post til postmottak@gulen.kommune.no, for å avtale tidspunkt for å tidlegrøyste.

Det er ikkje eit krav om valkort til tidlegrøystinga, men hugs å ta med legitimasjon.

Førehandsrøysting

I perioden **10. august til og med 8. september** kan du førehandsrøyste i Innbyggjarservice på kommunehuset i Eivindvik måndag til fredag mellom 09.00 og 15.00.

Torsdag 7. september kan du førehandsrøyste på kommunehuset fram til 18.00.

I tillegg vert det førehandsrøysting i krinsane desse dagane:

Førehandsrøysting i krinsane

Stad	Dato	Tid
Gulen sjukeheim	01.september	11.00 – 13.00
Vidsyn	01.september	12.00 - 19.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	02.september	11.00 – 14.00
Byrknes bu- og omsorgssenter	02.september	11.00 – 14.00
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	02.september	11.00 – 14.00
Brekke bu- og omsorgssenter	02. september	11.00 – 14.00

Heimerøysting

Dersom du ikkje kan kome til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til.

Ved heimerøysting kjem to valmedarbeidarar frå kommunen heim til veljar, som ikkje har høve til å komme seg til eit røystelokale. Valmedarbeidarane har med eit "minirøystelokale", med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

Du kan søkje om å førehandsrøyste heime/på opphaldsstaden til og med onsdag 6. september ved å ta kontakt på telefon 57 78 20 00.

Røysting på valdagen 11. september 2023

Her er oversyn over tid og stad for røysting på valdagen i røystekrinsane i Gulen ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023, 11. september:

Krins	Røystestad	Tid
Brekke	Risnehall samfunnshus	10.00 – 18.00
Byrknes	Byrknes skule	10.00 – 18.00
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus	10.00 – 18.00
Eivindvik	Kommunehuset	10.00 - 18.00

På valdagen den 11. september må du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2023.

Røysterett – kven kan røyste?

Desse har røysterett:

Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og som nokon gong har vore registrerte som busette i Noreg

Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, dersom dei blei registrerte i folkeregisteret som busette i Noreg seinast 30. juni i 2023 og framleis bur i landet på valdagen

Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, dersom dei har stått innført i folkeregisteret som busett i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen

Informasjon om manntal

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet, må du stå oppført i manntalet i ein kommune.

Manntalet er oversikta over dei som har røysterett i kommunen.

Alle personar med røysterett blir automatisk førte i manntalet i den kommunen der dei var registrert som busette per 30. juni 2023.

Dersom du har flytta til ein annan kommune etter 1. juli, er du framleis registrert i manntalet og har røysterett i den kommunen du flytta frå.

Dersom du bur i utlandet, men har vore registrert som busett og med røysterett i Noreg i løpet av dei siste ti åra, blir du automatisk ført inn i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Noreg.

Tid og stad for utlegging av manntalet i Gulen

Manntalet for heile kommunen vert lagt ut i byrjinga av juli i Innbyggarservice på kommunehuset i Eivindvik. Lista vert liggjande ute fram til valdagen.

Du kan kontrollere at du står oppført der, enten ved å møte opp, eller ved å ringje til Innbyggarservice på tlf. 57 78 20 00.

Dersom du meiner det er feil eller manglar ved manntalet, må du gje melding til valstyret. Krav om retting skal vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast Valstyret i Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, E-post: postmottak@gulen.kommune.no

Valkort

Alle som har rett til å røyste skal få tilsendt valkort. Kortet bør takast med når du skal røyste då dette lettar arbeidet for valfunksjonærane, samstundes som det vil gå raskare for deg å røyste.

Valkortet vert sendt til di digitale postkasse eller til Altinn. Dersom du har reservert deg mot, eller ikkje nyttar digital informasjon frå det offentlege, får du valkortet ditt tilsendt på papir.

Har du ikkje motteke valkortet, eller har mista eller gløymt det, får du likevel røyste.

Legitimasjon

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røySTEMOTTAKAREN, skal legitimere seg. Det er ikkje nok å oppgie namn og fødselsdato. Legitimasjonen kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilete, men du kan også bruke annan legitimasjon. Legitimasjonen må innehalde namnet på veljaren, fødselsdato og bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon, som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

Meir informasjon om valet

Meir informasjon om kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 finn du ved å gå inn på www.valg.no Der finn du mellom anna informasjonsbrosjyre på ulike språk.

Sjå også nettsida til Gulen kommune www.gulen.kommune.no

Gulen kommune oppmodar deg til å bruke røysteretten din!

Godt val!

Gulatinget 2024

Gulatinget er komen inn på programmet for « Nasjonaljubileet Norge i tusen år 2020- 2030» under tema Verdier i lovverket i 2024.

Same året er det 750 års jubileum for Landslova av 1274, som i store trekk byggjer på Gulatingslova.

Det er viktig å løfte fram Gulatinget og Gulen sin betydning i den nasjonale historia i samband med desse store jubilea.



Vår jubileumsfeiring er lagt til 23. -27. august 2024, med tema **Folkestyre Tillit Fred.**

Det vert eit spanande program med seminarer, konserter, teater og kunstutstilling, I tillegg vert det satt i gang eit større kunstprosjekt i 2023, som skal engasjere heile kommunen.

Målet er å skape ei nasjonal og lokal jubileumsmarkering som er inkluderande og samtidsrelevant, og vi ønskjer dykk med på laget.

Den 9. september 2023 vil vi invitere dykk til Opninga av jubileumsåret:

Gulen kyrkje kl 19 Guds skjønne døtre v/ Jørn Øyrehagen Sunde

Gulatinget kl 21 Flammen frå Stiklestad vert tent på Tusenårsstaden
Program for Gulatinget 2024

kl 22 Forestillinga Rennande blått v/ Karl Seglem, Birk Nygaard, Tone Einelia.
m/ skuleelevar.

Følg med på nettsida til Gulatinget og ver velkomen på dei ulike arrangementa!

